



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-223
Arkivsaksnr: 18/951	Løpenr: 19/8168
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	20.02.2020	009/2020

Søknad om tilskot til utbetring av veg til Gulleiksgården Bruk av næringsfondet

20.02.2020 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 009/2020 Vedtak:

Søknad om tilskot frå næringsfondet til veg til Gulleiksgården på 33.375 kroner vert avslått. Bente Getz ønskjer å flytte sin produksjon ut av kommunen. Vi ser difor ikkje at det er grunnlag for eit tilskot frå Samnanger kommune som kan styrkje verksemda sin produksjon og framtidig drift på Gulleiksgården.

Når det gjeld tilskot til veg generelt vert det vist til kommunestyret sitt vedtak 74/19.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot frå næringsfondet til veg til Gulleiksgården på 33.375 kroner vert avslått. Bente Getz ønskjer å flytte sin produksjon ut av kommunen. Vi ser difor ikkje at det er grunnlag for eit tilskot frå Samnanger kommune som kan styrkje verksemda sin produksjon og framtidig drift på Gulleiksgården.

Når det gjeld tilskot til veg generelt vert det vist til kommunestyret sitt vedtak 74/19.

Dokument som er vedlagt:

Søknad om støtte til utbedring av vei opp til Osteriet i Samnanger

Tilbud frå Odland Maskin

Budsjett for utbedring av vegen Tveit, høst 2019

Utbedring vei til Osteriet - Bunnlag på veien på Tveit

Odland Maskin Tveit bunnlag 11.11.2019

Utbedring vei til Osteriet

Kva saka gjeld: Bente Getz søker om tilskot på 33.375 til utbetring veg til Gulleiksgården. Det er 6 grunneigarar på vegen.

Bakgrunn for saka: Saka vart handsama og diskutert i formannskapet sak 50/2019 under handsaminga tilskot til veg. Formannskapet sendte søknaden frå Getz tilbake til administrasjonen og bad om å få den vurdert som ein søknad til næringsfondet.

Kommunestyret handsama generelt tilskot til veg i KS- 074/2019:

«Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsittjarane på Tveit har med brøyting av privat veg. Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar no.»

Det måtte hentast inn ei rekkje opplysingar før søknaden var fullstendig og kunne handsamast. Det er og i ettertid kome inn nye opplysningar om søkjar sine framtidsplanar for verksemda. Getz har opplyst i telefonsamtale med sakshandsamar at ho ønskjer å flytte næringa si ut av kommunen og selje garden. Dette er og annonsert på Facebook.

Vurderingar og konsekvensar: Når Samnanger kommune tildeler tilskot til næringsverksemd er det ei føresetnad at tilskotet skal kome verksemda til gode fram i tid. Tilskotet er meint å skulle styrkje verksemda sin produksjon og framtidig drift.

Når søkjar no vel å legge ned oste produksjon mm på Gulleiksgården, ser vi det som at grunnlaget for å vurdere søknaden om tilskot frå næringsfondet fell bort.